



## Statens vegvesen

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET

Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

Behandlende enhet:  
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:  
Tone Brunvoll / 71274179

Vår referanse:  
20/232612-3

Deres referanse:

Vår dato:  
01.02.2021

### Svar på høring – Statnetts konseptvalgutredning KVU med behovsvurdering og ekstern kvalitetssikring for Bergen og omland

Viser til høyringsbrev med referanse 20/2766-2 i høve Statnett si konseptvalutgreiing (KVU) med behovsvurdering for Bergen og omland si kraftforsyning.

Kraftforsyning og straumforbruk vert ein stadig større del av kvardagen til Statens vegvesen med bakgrunn i elektrifiseringa av transportsektoren. Målsetjingar i sentrale styringsdokument, som til dømes NTP 2022–2033, pålegg oss som etat å jobbe aktivt for at framtida sine transportløysingar skal nærme seg nullutslepp. Konsekvensane av dette er at ein må ta i bruk ny teknologi som medfører eit oppkopla vegnett der både køyretøy og infrastruktur vil krevje meir tilgang til straum enn i dag.

Statens vegvesen ser at infrastrukturen i høve kraftsystemet og ledningsnettet i Bergen og omland kan ha kryssingspunkt ved våre behov og ikkje minst vår infrastruktur. I tillegg ser vi at elektrifiseringa av bilparken, intelligente trafikksystem (ITS) og behovet for å byggje ut ladepunkt for privatbilistar og næringstransport også kan vere relevant for Statnett å kjenne til når ein no skal greie ut kva framtidige behov føretaket ser føre seg med omsyn til kraftforsyninga for Bergen og omland.

Statens vegvesen er sjølv sagt positive til at ein med utgangspunkt i overgang til nullutsleppssamfunnet arbeidar aktivt med å sikre tilstrekkeleg kapasitet i kraftnettet. Innfasing av tiltak i samsvar med Klimakur 2030 avhenger av det er tilgjengeleg kapasitet i kraftnettet dersom Noreg skal nå sine klimaforpliktelsar. Vi vil også understreke at ein ved planlegging og seinare utbygging må legge vekt på å minimere negative konsekvensar for natur og miljø.

Når det gjeld vår infrastruktur konkret så vil framføringa i traseen som vert vald til Kollsnes kunne ha konsekvensar for både eksisterande infrastruktur og dei vegsystema som er planlagt for framtidia. For eksisterande infrastruktur er det viktigaste å peike på at stabil kraftforsyning utan nedetid er sentralt for å kunne drifta vegnettet forsvarleg. Det er store el-installasjonar i våre anlegg både i tunnel, ved trafikkdirigering, trafikkovervåking, ferjedrift, trafikkinformasjon med vidare som krev ei stabil kraftforsyning utan nevneverdige driftsstans for å unngå stengingar på vegnettet.

I høve Statnett sitt arbeid med rehabilitering av stasjonar, ledningsnett og nye traseear kan også våre nye anlegg under planlegging verte påverka av arbeidet. Vi ser med interesse på kva den vidare detaljreguleringa i høve traseaval og plassering av elektriske anlegg viser mtp arealbruk, miljø og samfunn. Spesielt traseaval for framføringsalterantiva Modalen–Kollsnes og Samnanger–Kollsnes vil kunne krysse vår infrastruktur på fleire punkt med dei konsekvensane det måtte ha. Eit døme på vurderingar som kan ha relevans for oss er å kjenne til kva områder Statnett vurderer jordkabel på opp mot luftspenn.

Vi varslar difor allereie no at vi ynskjer å verte invitert til å komme med innspel til planarbeidet når det føreligg konkrete trasear og plassering av elektriske anlegg osb. Fyrst då vil vi kunne vurdere nærmare kva konsekvensar dette har for vår infrastruktur og kva behovet vil vere.

Styringsstab  
Med hilsen

Tone Brunvoll  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kopi  
SAMFERDSELSDEPARTEMENTET, Postboks 8010 DEP, 0030 OSLO  
SAMFERDSELSDEPARTEMENTET, Postboks 8010 DEP, 0030 OSLO